

# **No kjem dei første skattemeldingane – 2,8 millionar personar ligg an til å få pengar til gode**

**Frå i dag og fram til 4. april blir skattemeldingane sende ut fortløpande til kring 5,3 millionar lønnsstakarar, pensjonistar og enkeltpersonføretak. Hugs at sjølv om skattemeldinga er førehandsutfylt, er ho ikkje ferdig.**

– Skatteetaten har førehandsutfylt mykje informasjon for å gjere det lettare for deg å sjekke skattemeldinga. Men sjølv om delar av skattemeldinga er fylt ut, kan det vere feil i opplysningane. Du må derfor sjekke skattemeldinga og leggje til dei opplysningane som manglar. Dersom du må justere eller leggje til noko, må du sjølv endre og levere før fristen 30. april, seier skattedirektør Nina Schanke Funnemark.

Skatteetaten har på førehand henta inn over 60 millionar opplysningar frå mellom anna bankar, arbeidsgivarar og pensjonsutbetalarar. Desse opplysningane bruker Skatteetaten til å førehandsutfylle skattemeldingane. Det er likevel den enkelte som har ansvaret for å sjekke at opplysningane stemmer.

## **Mange får att pengar**

– Det er viktig å seie at ikkje alle får skattemeldinga si i dag. Vi sender skattemeldingane ut puljevis over fleire dagar. Du blir varsla på e-post eller SMS når di skattemelding er klar, seier skattedirektør Nina Schanke Funnemark.

Dei førebelse tala viser at 2,8 millionar ligg an til å få skatt til gode på i gjennomsnitt 17 000 kroner per person. Til saman er dette 46,4 milliardar kroner.

1,1 millionar ligg an til å få restskatt på i gjennomsnitt 40 800 kroner per person. Dette er til saman 46,9 milliardar kroner.

Det er først når du har sjekka og levert skattemeldinga, og Skatteetaten har behandla henne og laga skatteoppgjeret, at resultatet for skatt til gode og restskatt er klart.

## **Færre fekk restskatt etter å ha sjekka**

Tala frå i fjor viser at det kan vere lønnsamt å sjekke skattemeldinga. Då 5,1 millionar lønnsstakarar, pensjonistar og enkeltpersonføretak fekk skattemeldinga si i 2024, låg 2,7 millionar av dei an til å få pengar til gode. Etter at alle skattemeldingane var ferdig behandla og alle hadde fått skatteoppgjeret, viste fasiten at 3 millionar fekk pengar til gode.

Samstundes låg 1,2 millionar an til å få restskatt, men dette vart redusert til 840 000 då alle skatteoppgjera var klare.

– Dette viser at det er viktig å sjekke skattemeldinga nøye. Vi ser at fleire sjekkar og gjer dei nødvendige endringane, seier Schanke Funnemark.

### **Dette endrar folk i skattemeldinga**

Ei oversikt frå Skatteetaten viser at visse opplysningar blir endra oftare enn andre. Veldig ofte er det opplysningar som manglar, og som må leggjast inn i skattemeldinga.

– Har du til dømes kjøpt eller selt bustad, investert i kryptovaluta eller tatt opp utanlandske lån, må du sjølv leggje dette til. Det gjeld både inntekter du skal skatte av, og frådrag som kan redusere skatten din, seier skattedirektøren.

Ho tilrår deg å

- sjekke at opplysningane som står i skattemeldinga stemmer, endre om noko er feil og leggje til det som eventuelt manglar. Nøyaktig kva som er viktig å sjekke vil variere frå person til person, men sjekk at summene i skattemeldinga stemmer med årsoppgåvene du har fått frå arbeidsgivar, bank, barnehage, skulefritidsordning og liknande.
- sjekke at lån og renter er fordelte rett. Lån og renter blir fordelte likt mellom medlåntakarane i skattemeldinga. Før 2024 var det hovudlåntakaren som fekk alt av lån og renter på lån i skattemeldinga si.
- sørgje for at du har fått med deg dei frådraga du har krav på. Dersom du er usikker på om det er frådrag du har krav på, kan du sjekke frådragsrettleiaren til Skatteetaten. Du finn han på nettsidene våre: [Frådragsveilederen - Skatteetaten](#)

Dette endrar folk oftast:

- renter og gjeld
- formuesverdien på bil/køyretøy
- reisefrådrag
- overskott frå utleige av fast eigedom
- foreldrefrådrag
- virtuell valuta/krypto

### **Når kjem pengane på konto?**

Etter at skattemeldinga di er levert, må Skatteetaten behandle henne og lage eit skatteoppgjer. I skatteoppgjeret står det kor mykje pengar du får att (til gode) eller kor mykje du må betale (restskatt). Har du pengar til gode, blir desse utbetalte når du får skatteoppgjeret ditt.

Dei fleste får skatteoppgjeret før sommaren, medan nokre må vente til hausten.

– Det kan vere fleire grunnar til det. Til dømes kan det vere at det manglar opplysningar i skattemeldinga di, at du har ei innfløkt skattemelding, eller at du er tatt ut i ein tilfeldig kontroll, forklarar Schanke Funnemark.

Dersom du ikkje leverer skattemeldinga innan fristen 30. april, får du skatteoppgjeret ditt tidlegast i juni.

Får du restskatt, kan du velje å betale han seinast 31. mai for å sleppe renter. Dersom du ikkje betaler då, må restskatten betalast etter sommaren, med renter.

### **Praktisk informasjon om skattemeldinga**

Skattemeldinga blir send ut på ulike dagar mellom 13. mars og 4. april. Du får e-post eller SMS når skattemeldinga di er tilgjengeleg.

Sjølv om du får skattemeldinga på papir, kan du likevel logge deg inn på [skatteetaten.no](https://skatteetaten.no) for å sjå og levere skattemeldinga.

Har du spørsmål om skattemeldinga, kan du kontakte oss via [skatteetaten.no/kontakt](https://skatteetaten.no/kontakt).

Som alltid er leveringsfristen for skattemeldinga 30. april for lønnstakarar og pensjonistar og 31. mai for næringsdrivande.